

UTTALE – PLANPROGRAM DOMMERSNES INDUSTRIOMRÅDE

Det er omfattande endringar og planar som er lagt fram for Dommersnes industriområde og både i bygda - og i Grendautvalet – er meiningane delte når det gjeld planane. Alle ynskjer auka tilflytting til bygda, nokre meiner at satsing på storindustri vil gi auka folketal – andre meiner det motsette. Vidare er mange bekymra for korleis dette vil påverke bygda «visuelt», både når det gjeld naturinngrep/planering av området kombinert med svært høge/store installasjonar (og trafikk) i fjorden.

- «Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større nærings- og havneområde til sjø gjennom berekraftig utnytting og ombruk av eksisterande industriområde» (ref. pkt 2.3.). Kva er «berekraftig utnytting»?
- I planen skal det utgreiaast for mogleg sambruk med andre næringar, evt alternativ bruk av arealet (ref. pkt 2.3.). Dersom havvind-aktivitet ikkje blir noko av, eller minkar i omfang, er det ynskjeleg at det blir arbeidd for at området skal tiltrekke seg næringsaktivitet – ikkje at det ende som «lagerplass».
- Omlegging av vegen er og omtala i pkt 2.3. Omlegginga inneber å bygge ny veg «rundt» industriområdet. Det kan i seg sjølv vere positivt, men løyser ikkje dei utfordringane som ein har når det gjeld vegen inn til bygda! Deler av vegen er utbetra dei siste åra, men framleis er store delar av vegen så smal at personbilar ikkje kan passere fritt. Stor aktivitet på Dommersnes vil forsterke behovet for samanhengande gang-/sykkelsti frå sentrum av bygda/butikken til industrifeltet. Erfaringane frå Hywind Tampen prosjektet er at det var mange folk på brakkeriggen, inkl. gåande/syklande langs vegen før/etter arbeidstid. Trafikken på vegen er stor allereie - både av personbilar og tungtransport. Ny aktivitet på industriområdet vil uansett innebere auka trafikk og då må heile vegen frå Isvik oppgraderast samtidig som myuke trafikantar blir sikra i bygda!
- Omfang/tal møller under arbeid er omtala i pkt 3.1./side 10 i planframleggget. Når i prosessen vil desse bli sjøsett? Kvar skal ferdige møller lagrast i påvente av slep? Kor mange månader i året er det realistisk å gjennomfør slep ut til feltet? Kor store delar av fjorden vil bli «båndlagt»? Er det aktuelt at ferdige møller blir liggande i Kystverket sitt regulerte riggområde i Ålfjorden, i påvente av slep? Forventa omfang må visualiserast i realistiske teikningar.
- Eksisterande næring er kort nevnt i pkt 3.2/side 15. Det er viktig for bygda å behalde desse arbeidsplassane og det trengs ei avklaring – snarast mogleg - på kvar dei får tilbod om alternativ tomt.

Planane vil ha særleg stor innverknad for dei som har hus og hytter tett opp til industrifeltet. Også for eigarane av desse eigedommane er det viktig med ei snarleg avklaring!

- Verknader for lokalsamfunnet (pkt 8.3.4). Dette punktet er svært viktig for bygda, og slik planframleggget er utforma no er det mykje som «*kan* utførast»:
 - «Effektar av tiltaket som *kan* analyserast er direkte og indirekte sysselsettingsverknader (underleverandørar), samt konsumverknader som

følgje av ny etablering av næringsverksemd på området. I tillegg kan det gjennomførast analyse av andre samfunnsaspekter» «Det kan gjerast analyse av både investerings- og driftsfasen». (våre uthavingar)

Me ber om at det blir endra frå «kan» til «skal».

Under kulepunktata/tema for utgreiingane må desse temaene inn:

- Tilflytting som resultat av satsinga. Kor mange nye fastbuande kan ein vente seg (i Vikebygd/i kommunen)? Kvar skal dei komme frå og kor skal dei bu? Kva er erfaringane frå andre stadar og/eller tilsvarende utbyggingar?
- Ferie/fritidsmarknaden. Den er p.t. viktig for bygda då me har mange fritidsbustader og andre gjester, t.d. folk som går tur i fjellet. Me ber om at konsekvensane for denne marknaden også blir vurdert.

Vedk. metode: «Nøkkelpараметrar frå liknande analyser andre stadar, supplert med intervju». Betyr det at det ikkje vil bli gjort eiga analyse/konsekvensutgreiing med utgangspunkt i Vikebygd? - noko me meiner er viktig. Kva med «faktiske erfaringar» (t.d. mtp. tilflytting) frå tidlegare prosjekt både i bygda og andre stader i landet?

For Vikebygd Grendautval

Gunn Vikingstad, leiar (s)